



**Utval:** Formannskap  
**Møtestad:** Hamaren, Fyresdal Næringshage  
**Dato:** 03.10.2018  
**Tid:** 08:30 - 14:30

**Fylgjande medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

**Fylgjande medlemmer møtte ikkje:**

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Torleiv Hvistendahl	Olav Gisle Noraberg	AP

**Fylgjande frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
45/18 – 48/18

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_  
Erik Skjervagen  
ordførar

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

**Utvals-    Innhold**  
**saksnr**

---

PS 45/18    Referatsaker

PS 46/18    Økonomirapportering pr. 01.09. - finans

PS 47/18    Økonomirapportering pr. 01.09. - avdeling fellestenester

PS 48/18    Felles, strategisk reiselivsplan for Vest-Telemark

Oppstart budsjett 2019 - drøftingar

Fyresdal 25. september 2018

Erik Skjervagen  
ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

## **PS 45/18 Referatsaker**

### **RS 18/18 Orientering frå administrasjonen**

### **RS 19/18 Økonomigjennomgang**

### **RS 20/18 Vitalisering av Vest-Telemarkrådet - drøftingsnotat - orientering ved Anne Aasmundtveit**

#### **I møtet:**

- Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å utarbeide og gjennomføre anbud på utviding av Molandsmoen industriområdet. Arbeidet med flytting av eksisterande straumforsyning og utviding settast i gang umiddelbart. Prosjektet lånefinansierast.
- Rektor på Gimle orientera om ei ny utfordring som krev ekstrainnleige av personell for å ivaretake sikkerheten både for elevar og tilsette.
- Krav om grunnskuleopplæring for vaksne – formannskapet ynskjer at dette vert drøfta med Telemark Lys AS om finansiering og gjennomføring.
- Avdelingsleiar pleie og omsorg orientera om tildeling av omsorgsboligar til utanbygds innbyggjarar.
- Orientering om organiseringa av tiltaksteam for tildeling av tenester innanfor helse, pleie- og omsorgstenester.
- Kons. Avdelingsleiar helse og omsorg orientera om utfordringar og vedtak som er igangsett utan at det er økonomiske dekning for dette. Rådmannen får fullmakt til å lyse ut nødvendige stillingar med forbehold om godkjenning i kommunestyret.
- Neste formannsmøte utsetjast til 18. oktober.
- Neste kommunestyret utsetjast til 8. november og blir heildagsmøte med budsjettorientering.
- Formannskapsmøte 7. november flyttast til tysdag 13.november.
- Orientering om arbeidet rundt samarbeidsavtale med politietaten.
- Folkemøte 2. november – førebyggjande arbeid.
- Orientering om revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget.

## **PS 46/18 Økonomirapportering pr. 01.09. - finans**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.09. takast til vitande. Ekstrainntekter frå konsesjonskraft på kr 150.000,- avsettast til disposisjonsfond for investeringar.

### **Handsaming i Formannskap - 03.10.2018**

#### *Framlegg frå ordføraren:*

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.09. takast til vitande. Ekstrainntekter frå konsesjonskraft på kr 150.000,- avsettast til næringsfond.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

### **Vedtak i Formannskap - 03.10.2018**

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.09. takast til vitande. Ekstrainntekter frå konsesjonskraft på kr 150.000,- avsettast til næringsfond.

## **PS 47/18 Økonomirapportering pr 01.09.18 - avdeling fellestenester**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Den økonomiske stoda pr 1.september 2018 i avdeling fellestenester blir teke til vitande.

### **Handsaming i Formannskap - 03.10.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Formannskap - 03.10.2018**

Den økonomiske stoda pr 1.september 2018 i avdeling fellestenester blir teke til vitande.

## **PS 48/18 Felles, strategisk reiselivsplan for Vest-Telemark**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune stør arbeidet med å utarbeide av ei strategiplan/masterplan for eit bærekraftig reiseliv i Vest -Telemark og løyver kr 10.000,- til forprosjektet i regi av Vest-Telemarkrådet.

Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondet som da går ned frå omlag kr 210.000 til kr 200.000. Midlane vert løyvd frå næringstiltak, konto 1410.47.325.

### **Handsaming i Formannskap - 03.10.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Formannskap - 03.10.2018**

Fyresdal kommune stør arbeidet med å utarbeide av ei strategiplan/masterplan for eit bærekraftig reiseliv i Vest -Telemark og løyver kr 10.000,- til forprosjektet i regi av Vest-Telemarkrådet.

Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondet som da går ned frå omlag kr 210.000 til kr 200.000. Midlane vert løyvd frå næringstiltak, konto 1410.470.325.